

Årsmelding for 2021

og

styret si melding

Selskapet si verksemd

Haugaland Kontrollutvalgssekretariat IKS er eit interkommunalt samarbeid mellom 10 kommunar på Haugalandet, og skal ivareta funksjonen som sekretariat for kontrollutvala for eigarane. Deltakarkommunane er Bokn, Etne, Haugesund, Karmøy, Sauda, Suldal, Sveio, Tysvær, Utsira og Vindafjord. Kommunane hadde totalt 118.599 innbyggjarar pr. 01.01.21. Det er stor skilnad når det gjeld storleik på kommunane (frå den minste i landet på under 200 til dei to største med 42.000 og 37.000 innbyggjarar).

Selskapet blei stifta 23.11.04 på bakgrunn av lovendring i kommunelova der det er krav om uavhengige sekretariat. Selskapet utførar sekretariatstenester som omfattar oppgåver for kontrollutvala som saksførebuing, utsending av sakspapir, protokollføring og iverksetjing av vedtak.

Kontora ligg i Tysvær rådhus, Aksdal, medan møta i kontrollutvala blir halde i rådhusa ute i kommunane. I 2021 har **12** (8) av 52 møte vore digitale pga. koronapandemien.

Også året 2021 har vore prega av koronapandemien. I tillegg har det vore skifte av revisor for ni av kommunane frå Deloitte AS og KPMG AS til Rogaland Revisjon IKS frå 01.07.21.

Sekretariatet har gjennomført totalt **52** (50) kontrollutvalsmøte og saksførebudd **301** (325) saker i 2021. Av desse har **56** (77) gått vidare til handsaming i kommunestyra. Talet på kommunesyresaker har variert frå 4 til 8 saker i dei ulike kommunane.

I selskapet har det vore **4** styremøte (to om våren og to om hausten). Som tidlegare år har det vore eit representantskapsmøte. Eit av styremøta var digitalt og det same møteform hadde representantskapsmøtet i april. Møtet blei leia av Einar R. Endresen. Han døde brått i desember 2021.

Styret har handsama **27** (28) saker, der **5** (7) saker er sendt vidare til representantskapet med innstilling, mellom anna strategiplan for 2022-2025. På personellsida har det vore inga endring. Selskapet har sine midlar på driftskonto, kapitalkonto og på lovpålagt skattetrekkkonto. Rekneskapsføringa og lønnsutbetalingane er utført av Addera SA.

For å samordne kommunane sin eigenkontroll og staten sitt tilsynsarbeid, har sekretariatet og statsforvaltaren i Rogaland og Vestland hatt kontakt. Tilsyn og forvaltningsrevisjon vert so lagt inn ei nasjonal tilsynskalendar.

Ytre miljø


Selskapet har ikkje verksemd som forureinar utover reiseaktivitet knytte til arbeidet i eigarkommunane. Selskapet sitt hovudkontor er lagt til Aksdal i Tysvær kommune, som geografisk ligg om lag midt i selskapet sitt virkeområde.

Avslutning

Som sekretariat for kontrollutvala er selskapet avhengig av eit nært og godt samarbeid med kommunestyra v/ordførar og administrasjonen i kommunane og revisjonsselskapa. Styret og dagleg leiar vil takka for samarbeidet som har vore i året som har gått.

På denne måten kan Haugaland Kontrollutvalgssekretariat IKS gjennom si verksemd vere med på å få ein velfungerande forvaltning og skape størst mogleg tillit til kommunane som forvaltningsorgan, til beste for kommunane og den enkelte innbyggjar.

Aksdal, 23.02.22


Siv Bente Stople Østbø
styreleiar


Ernst Morgan Endresen
nestleiar


Astri Furumo
styremedlem


Toril Hallsjø
dagleg leiar